

## Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 15.04.2021

Saka vart sett på sakskartet i møtet utan saksframlegg.

**Roger Pilskog, LO**, sette fram slikt forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda er nøgd med at behovet for auka kapasitet på yrkesfaga i Bergensområdet er synleggjort. For nemnda er det avgjerande at det ikkje byggjast opp tilbod i programfag som ikkje har nok læreplassar, og stør fylkesrådmann si vurdering om å byggja opp tilbod på Bygg og anleggsteknikk samt Teknologi og industrifag, som vi finn å vere i samsvar med arbeidslivets behov. Nemnda registrerer at dette skal finansierast innafor godkjent budsjettramme. Nemnda føreset at ikkje andre tilbod som arbeidslivet etterspør i resten av fylket kan verte råka.»

### **Avrøysting**

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

Yrkesopplæringsnemnda er nøgd med at behovet for auka kapasitet på yrkesfaga i Bergensområdet er synleggjort. For nemnda er det avgjerande at det ikkje byggjast opp tilbod i programfag som ikkje har nok læreplassar, og stør fylkesrådmann si vurdering om å byggja opp tilbod på Bygg og anleggsteknikk samt Teknologi og industrifag, som vi finn å vere i samsvar med arbeidslivets behov. Nemnda registrerer at dette skal finansierast innafor godkjent budsjettramme. Nemnda føreset at ikkje andre tilbod som arbeidslivet etterspør i resten av fylket kan verte råka.